



Jørn Øyrehagen Sunde er den som har dei største kunnskapane om Baroniet sit historie. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Professor i jus ved Universitet i Bergen og forskar ved Baroniet Rosendal Jørn Øyrehagen Sunde er utan tvil den som kan mest om Noregs einaste baroni. Og no i helga er uskedelingen i fokus i samband med sesongopninga ved den imponerende kulturinstitusjonen.

I går kveld heldt han ein introduksjon til til utstillinga "Vegen over havet - frå mowatane på Shetland til Baroniet Rosendal" i vinkjellaren og i ettermiddag viser han rundt i utstillinga.

Som eit ledd i opninga inngikk også ein konsert der Benedicte Maurseth (spela hardingfele og viola d'amore) og Ingrid Eriksen Hagen (cembalo) presenterte eit spanande møte mellom tradisjonell slåttemusikk frå Hardanger og tidlig engelsk og skotsk barokkmusikk. Sambandet over havet har også omfatta musikken!

Øyrehagen Sunde har gjennom åra gjort ein kjempejobb med å dokumentera sambandet og til utstillinga har han forfatta ein katalog med eit 50 siders historisk oversyn.

Det historiske bakteppet er at øygruppa Shetland var ein del av det norske riket med norsk lov fram til 1611 og nordmenn som sat med store jordeigedomar der. Handelssamkvemet over havet heldt også fram utover på 1600-talet og gav eit oppsving for heile Sunnhordlandregionen.

Anders Mowat var fyrste gong nemnt på Shetland i 1558. Han var truleg ein del av straumen med skottar som søkte lukka der etter kvart som tilknytninga til Norge vart svekka. Gjennom kona Ursula Tulloch, som hørde til den gamle norske eliten på Shetland, fekk Anders hand om mykje jordegods og dreiv handel med Noreg.

Seinare vart han gift med Else Tronds Rustung og etablerte ein base på Tysnes. Både han og sønene Kristoffer og Aksel heldt fram med å handla over Nordsjøen. Aksel investerte overskotet av handelen i jordegods og vart ein av Noregs største godseigarar.

Aksel si dotter Karen vart gift med Ludvig Rosenkrantz, ein dansk adelsmann. Men ho døydde 3 år før Baroniet vart oppretta.

Det vart grunnlagt med utgangspunkt i handelsverksemda og jordegodssamlinga til Anders og Aksel Mowat, strategien til Karen Mowat og Ludvig Rosenkrantz sin politiske og militære karriere, slår Øyrehagen Sunde fast i

utstillingskatalogen.

I utstillinga vil han fortelja denne fyrste delen av historia om Baroniet og setja det inn i ei politisk, økonomisk og kulturell ramme.

Av Ola Matti Mathisen